

SISTE INDRE



Vi er gode nyheter

Får du samme spørsmål av Jesus igjen og igjen?

Elsker du meg? - spurte Jesus sin venn, Peter. På ny, og på ny kom spørsmålet. Hvorfor? Jesus ville utruste Peter med lærdommer som er helt essensielle for kristne ledere. Gud ser til hjertene. En kristen leder trenger et forhold til Jesus i sitt hjerte hvis han skal kunne lede andre inn i Jesu nærhet. Det som skjedde på Genesaretsjøens strand rett etter frokost, en vårdag rundt år 30 e.Kr, skulle bli avgjørende for resten av Peters liv og tjeneste. Men, hvorfor spurte Jesus samme spørsmål tre ganger?

Alle vi som har tatt imot Jesus, og bekjent vår tro på ham, har fått den Hellige Ånd og er i tillegg utrusta med en eller flere nådegaver hver. Ved troen er vi blitt en del av Guds nåderike, store og evige familie, og har fått en far som vet nøyaktig hvem vi er. Han har alle forutsetninger for å la oss forbli hans selv om vi roter til livet vårt og svikter igjen og igjen. Troen er en gave Gud gir og som Jesus selv har serviceavtale på og daglig oppgraderer helt trådløst, ofte uten at vi merker det. Gud er ekspert på å lede problembarn på sin vei, så gi ikke opp når djevelen anklager deg. Jesus er din advokat, og han er altså troens opphavsmann og fullender. Du som tror, er Guds barn. Men, Gud liker ikke barnehager for sine barn. Han vil ha oss ved sin side hele tiden. Derfor har han valgt et bedre alternativ for sine barn; -han tar oss med på jobb.

For hver gang Peter bekjente at han elsket Jesus, fikk han vite hva slags oppgaver han skulle være med sin himmelske Far og utføre i dagene og årene som kom. Oppgavene og instruksjonen var litt ulik. Den første oppgaven var å gi mat til den gode Hyrdes lam. Kan

det være at det handlet om å forklare og forkynne evangeliet for de som nylig var kommet til tro? Kanskje Peter skulle bruke den første fase av sin tjeneste til å holde troens ABC-kurs for nyfrelste og kanskje holde konfirmantundervisning? Han var i alle fall en tydelig omvendelsesforkynner og talte på et folkemøte i Jerusalem i pinsehelga slik at 3000 mennesker kom til tro. Kanskje han ledet en medvandringssgruppe for ungdommer? Peter var gift, og hadde kanskje barn hjemme. Peter bodde i Kapernaum, den lille byen som lå på nordsiden av vannet der hans frokostprat med Jesus nå fant sted. Alle kristne småbarnsfedre får i oppgave av Jesus å lede sine små til tro og har ansvar for å gi dem åndelig mat. Selvfølgelig får mødre også samme oppdrag, og ofte kan de faktisk sette enda dypere spor, ifølge forskningsresultater!

Når småbarnsfasen er over kommer ofte en ny epoke for foreldre. Noen tar videreutdanning. Noen kjøper hytte. Noen reiser på opplevelsesturer. Noen hengir seg til sofaen eller finner en ny hobby. For en del tar slike interesser helt overhånd. Da er det at en trenger å høre Jesu stemme; - «Elsker du meg? Jeg har bruk for noen som kan lede kristne til å modnes som ledere!» Peter fikk, etter spørsmål nummer to, instruksjonen sin formulert slik: «Gjet mine sauer» Det er verken galt med hytte eller hobby, men tar det alt eller for mye av din tid, da kalles vi til å omprioritere! En slik omvendelse er kanskje krevende, men et spennende oppdrag sammen med Jesus vil overgå alt det vi selv kan finne på. Peter lærte opp nye. Les blant annet om betydning

gen han fikk for Paulus, som fikk mye av sin utrustning av Peter når de to var sammen i Jerusalem, se Gal 1, 18. Da er det spennende å lese i 2. Petersbrev 3,15 – 16 at Peter seinere anbefaler Paulus sine brev for dem som vil grave dypere i bibelsk undervisning. Peter hadde lært opp en som ble en større lærer enn seg selv. Tenk om du kan lære opp en Jesu etterfølger som seinere skal få enorm betydning for Guds rikes utbredelse?

I Lukas 9, 23 står det: Så sa Jesus til alle: «Om noen vil følge etter meg, må han fornekte seg selv og hver dag ta sitt kors opp og følge meg.» En mann sa høyt og tydelig på talerstolen for noen år siden: «Jeg er skeptisk til dem som hadde en så sterk omvendelse den gangen de kom til tro, at de derfor ikke vil høre snakk om å omvende seg igjen og igjen seinere i livet.» Enda en gang spurt Jesus Peter, elsker du meg? Godt voksne kristne har en viktig plass i Guds rike. Kanskje var det i sin siste etappe i tjenesten at Peter skulle gi mat til sauene, altså antakelig gi undervisning i Guds Ord og evangelium i menigheter, i hverdagslivet og på bibelskoler. Har du sagt til Jesus at du elsker ham? Har kjærligheten til ham kjølnet i det siste? Skulle du da be en kristen om å be for deg om at du fikk et fornyet hjerteforhold til din frelser? Vi er mange som igjen og igjen ber om forbønn for vårt hjerte. Det trengs! Hva blir «next level» i ditt liv og din tjeneste for Jesus? – En ting er sikkert, Jesus har en plan for deg! – Har du et hjerte for ham?



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjøhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Frøydis Aarsland 459 55 965
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Tore Nesvåg 915 49 912
Monica Pollestad 416 80 773

Kretsleiar
Torgeir Lauvås
Tlf 971 71 745

Kretsstyreleder
Egil Vigdel
Tlf 464 11 819

Bankgironr.
8220.02.80101
v:pps 21841

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjonsforbundet
Kjem ut 5 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Torgeir Lauvås
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjøhusvegen 70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
Tove Braut 51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Tove Braut Tlf. 951 00 842

Stor tru

Sanneleg seier eg dykk: Ikkje hjå nokon i Israel har eg funne så stor ei tru!

Matt 8,10

Vi er ikkje så glade i uttrykk som sterk eller veik, vaklande eller fast tru. For trua er ei gåve. Trua er ikkje så lett å definera eksakt. Det er den opne handa, som tek imot evangeliet og dei gode frelsesgåvene. Likevel er uttrykket stor tru noko vi les om i Bibelen. Matteus fortel om ein romersk offiser som Jesus møtte i Kapernaum. Offiseren ba Jesus om hjelp for tenaren sin. Tenesteguten låg lam med svære plager. Jesus reagerer med det same og lovar at han skal koma og lækja han. Men det ser nesten ut som om det går for fort for offiseren. -Sei berre eit ord, Herre! Eg

rekner ikkje med at du kjem heim til meg. Eg er heller ikkje verdig til det. Men ditt ord har makt, Jesus!

Så syner offiseren til sitt eige yrke, der han kan kommandera soldatane. Gå, så går han. Kom, så kjem han. Når han sjølv vert kommandert av overordna, må han lyda ordre. Matteus fortel at Jesus vart forundra over desse utsegnene. Og me som les det så lenge etterpå, anar at offiseren må ha hatt ei....skal me kalla det; stor tru! Han var overtydd om at Jesus kunne! Og at Han hadde makt! Og at Han ville! Offiseren må ha møtt Jesus før, eller i alle fall høyrte om kven han var og kva makt han hadde. Det ser i alle fall ut til at Jesus reagerer spontant med svaret sitt. Og så legg han til dette flotte, at mange skal koma frå aust og vest, nord og sør og sitja til bords i himmelriket.

Vi merkjer oss at offiseren ikkje var jøde, medan Abraham, Isak og Jakob er mellom dei jødiske patriarkane. Utsegnet av Jesus var difor radikalt for dei som var til stades, og



Paul Odland

som var i fylgje med Jesus: Frelsa er for alle. Guds kraft er til disposisjon for alle menneske. For jøde først, så for grekar! Offiseren kom heim og såg at underet var skjedd. Jesus møter einskildmenneske med si kraft til frelse og utfriing på same måten i dag. Stor eller lita tru – både jødar, grekarar, kenyandar, vietnamesarar, rogalandingar kjem til tru og vert døypte. Ein dag er det fullt rundt himmelbordet!

Då må ikkje din plass stå tom!



Gøril Vigdel og Anita Byberg

T2-studentar

Til hausten er vi i ImF-Rogaland så heldige å få Gøril Vigdel og Anita Byberg som T2-studentar frå Bildøy.

Dette betyr at medan dei går andre året på Bildøy Bibelskule vil dei vera utplassert i kretsen i praksis ca. 25 veker i løpet av neste skuleår. Vi gleder oss til å få desse to unge medarbeidarane med oss i staben. Mange vil nok treffe Gøril og Anita på leir, i konfirmantundervisninga eller på eit lagsbesøk. Vi oppfordrar misjonsfolket til å vera med å be om at desse to T2-studentane må få eit lærerikt og flott år i ImF-Rogaland.

TS

Aksjon fast gjevarteneste



ImF-Rogaland har fått 12 nye faste gjevargar og 22 har auka sitt faste månadsbeløp.

Dette er resultatet av aksjon fast gjevarteneste frå nyttår og fram til nå. Dette betyr ein auke i ImF-Rogaland sine faste inntekter på kr. 124 800,- så langt i år. Målsettinga for heile året er å auke fast gjevarteneste med 200 000 kr. Hjarteleg takk til alle nye gjevargar og til alle som har auka. Alle desse var med i trekninga om ein I-Pad, og vinnaren var Marion Kverme, Klepp Stasjon.

Barn og familiar i sentrum

Eit godt og variert opplegg for barn og familiar prega ImF-Rogaland si «Saman-helg» (årsmøtehelg) på Ognatun 20.-22. april. Men inn i opplegget var det også funne plass til årsmøte der 70 utsendingar møtte fram, dette er 5 fleire enn i fjor.

► Av Terje Slettebø

Den viktigaste saka på årsmøte til ImF-Rogaland var revisjon av lovene der ein nå opna for at ei kvinne kan vera leiar av kretsstyret. Samtidig held indremisjonen fast på at det er ei lære og hyrdeneste som berre er for menn. Difor vedtok ein i revisjonen av lovene på årsmøte at kretsstyret skal utnemne 3 menn til å sitja i Lære og hyrderådet til ImF-Rogaland. Det var stort fleirtal for lovendinga og liten debatt i årsmøte om saka.

Kretsstyre

Kretsstyret i ImF-Rogaland er slik samansett etter valet på årsmøte: Tarald Gudmestad, Høyland, Egil Vigdel, Ræge, Torbjørn Walderhaug, Sunde (attval), Stine Terese Erga, Orre (ny), Torunn Ivesdal Gjedrem, Bjerkreim (ny), Håkon Haugland, Nærbø, (ny) og Geir Inge Byberg, Bore (ny)

Fast gjevarteneste

Rekneskapen for kretsen viste balanse, men for 2018 har ein budsjettert med underskot på grunn av ein forsiktig auke av tilsette medarbeidar. Med dette som bakgrunn vart det oppfordra til fast gjevarteneste, og utfordringa fekk god respons. I løpet av Saman-helga på Ognatun vart den faste gjevartenesta auka med 70 000 kr.

Drifta på Ognatun går godt, aktiviteten er stor, og for å auke kapasiteten på antall



ImF-lunch med årsmøtesaker.



Egil Vigdel takker Randi Klingsheim Bø.



Hananja.

overnattingsrom byggjer ein nå om deler av underetasjen i internatbygget til 8 dobbeltrom.

«Famileleir»

Om lag 50 personar budde på Ognatun gjennom heile hega, og slik fekk dei ein fin «famileleir» saman. Frammøte til dei ulike samlingane i løpet av helga var god, og truleg var over 400 personar innom minst eit av arrangementa på Saman-helga. Dette viser noko av kor viktig denne helga er for ImF-Rogaland.

Fredag kveld

På åpningsmøte fredag kveld var møtesalen på Ognatun fullsett. Generalsekretær Erik Furnes tala. Tema for helga var; «Du har

Fullt hus fredag kveld.






Jørn Sirevåg overrekker gåve.

gjort meg glad», og Erik understreka at den berande gledesgrunnen for ein kristen er at Jesus døydde på krossen i vår stad og sona våre synder.

Hananja gledde forsamlinga med flott song. Og Jørn Sirevåg frå Sparebanken Pluss var til stades og overrekte ei gåve på kr 20 000 til Ognatun. Pengane skal gå til nye senger i dei nye overnattingsromma i kjellaren i internatbygget. Parallelt med siste delen av møte var det Speedleir for barna, og seinare på kvelden hadde ungdomane si eiga samling.

Årsmøte og tivoli

Lørdagen var full av samlingar og aktivitetar for alle aldersgrupper. Dagen starta litt forsiktig og med litt lite fram møte på familjemøte på føremiddagen. Men dei som kom fekk lytta til flott song av Varhaug Yngreskor, og andakt av Hilde Hetland om at Jesus leiter etter oss menneske. Utover dagen kom det godt med folk og medan ca 85 vaksne deltok på årsmøte, deltok enda fleire barn og vaksne på Sammen-tivoli på fotballbanen på Ognatun. Og før ein kunne samlast rundt middagsbordet fekk barna vera med på ein flott Jesus-fest i matsalen, medan dei vaksne var samla til bibeltime i møtesalen.



Sumobryting.



Svampekast.

Utdrag frå Bibeltime av Erik Furnes på Sammen-helga, Joh 15.1-3 og 11

Reinsa for å bera frukt!

På eit frukttre er det viktig å ta bort dei greinene som ikkje ber frukt. Dette er vingardsmannen sin første oppgåve.

Dette alvoret heldt Eirik Furnes fram i Bibel-timen på Ognatun. Han viste til situasjonen som er omtala i Joh 15. Nå var Judas fjerna, han gjorde også store under, men han bar ikkje rett frukt. Det tankevekkande er; -nokon ser ut til å vera truande/kristne, men har ikkje Den Heilage Ande, sa Furnes. Og understreka vidare ut frå 1. Joh. 2.19 at det er Guds oppgåve å stella i vingarden. Han held fram med å peika på at dei greinene som ber frukt reinsar Gud slik at dei skal bera meir frukt. Og, at Gud reinsar ved det ordet han talar til oss. -Me tenkjer lett at Gud reinsar gjennom sjukdom, ulykke og lidning. Men det viktigaste spørsmålet er om Guds ord har fått gjort noko i våre liv. Har forkynning, kristne bøker eller eit vitnesbyrd gitt oss ny retning, endra eller forma oss, utfordra Erik med ettertanke.

Ei vedvarande bøn for oss, sa han vidare, bør vera: Herre reins meg frå dårlege tankebaner, dårlege nettsider, sjølvhevdning og egoisme. Det handlar om kva frukt vi bær. Dårlege frukter finn vi omtala i Jes. 5 20-23, gode frukter i Gal 5.22

Vidare understreka han at forutsetninga for at det skal bli frukt i ein kristen sitt liv, er at



Erik Furnes.

ein er i Jesus og at Jesus er i oss. Disippellivet som ber frukt krev disiplin. At ein er i skriftene, blir fornøyd ved å ta til seg av Guds ord. Og at ein fylgjer etter Jesus og er hjå han. Ein disippel er avhengig av Jesus. Viktig med rett balanse mellom disiplin og avhengigheit. Å grunna på Guds ord er føresetnad for vekst. Til slutt understreka Erik Furnes at den store gleden for ein kristen er å vera med i teneste for Jesus slik at ein får oppleve den fullkomne gleden som det er å få sjå at andre blir frelst.

Medvandring

Ungdomane som på dagen hadde vore med og stått på post på tivoliet, reiste på kvelden til Brusand og var med på ungdomskveld der. Anne Fures var med og hadde andakt for ungdommane som samlast på Brusand. På Ognatun var det om kvelden Saman-fest med både moroinnslag, tale og film for barna. Erik tala ut frå Joh. 20. 19-21 om då Jesus kom til læresveinane etter oppstoda. Denne kvelden vart det sett fokus på «Medvandring», og Rasmus Espeland fortalte at det hadde betydd mykje for han å ha ein medvandrar som han kynne dela liv med og be saman med. Han oppfordra alle til å ha ein medvadrar. Kvelden vart avslutta med pizzasnurrar og god drøs i Salongen.

Rett syn på Jesus

Sammen-helga var avslutta med Storsamling for heile familien. Anne Furnes tala om å ha det rette synet på Jesus. Ei viktig påminning for oss alle når vi etter ei flott helg saman reiser heim til kvar vår heimstad og det lokale arbeid. I samlinga vart det også sett fokus på Alpha-kurs. Terje Skårland frå Brusand delte med ein fullsett møtesal på Ognatun at Alpha-kurset på Brusand denne våren hadde fått betydd mykje for han sjølve og for arbeidet på huset.



Dykige musikarar lyfta songen.

Konstituering

På første styremøte etter årsmøte konstituerte kretsstyret seg med Egil Vigdel som leiar og Håkon Haugland som nest leiar. Åndeleg leiarskap for kretsen er Torgeir Lauvås, Egil Vigdel og Tarald Gudmestad.



INSPIRASJONSKVELDER PÅ OGNATUN

TIRSDAG 28. AUG KLOKKA 19.00

IRENE HÅLAND EGE & MAGNHILD UELAND: "JEG VAR FREMMED OG DERE TOK IMOT MEG"

ONSDAG 29. AUG KLOKKA 19.00

JARLE MONG: "HÅPETS FOLK MIDT I ALL HÅPLØSHETEN"

LOVSANG. ENKEL SERVERING. KOLLEKT. VELKOMMEN!

Ynskjer å gje fagleg og åndeleg ballast!

Skuleskipet GANN er ein vidaregåande skule som ynskjer at studentane lærer faget godt, får kristen ballast og blir sosialisert gjennom å bu tett på skipet. Her må dei ta omsyn til kvarandre og delta i fellesoppgåver. Visjonen til skipet er «Gi ungdom lyst på livet, og evne til å mestre det.»

► Tekst og foto: Terje Slettebø

Dette seier skipper på skuleskipet GANN, Bernt Jarl Berge. Skipet er ein offentlig godkjent vidaregåande friskule med utvida kristen formålsparagraf. Dei har 120 studentar fordelt på linjene VG1 Teknisk og Industriell Produksjon, og VG2 Maritime fag. Undervisninga er om bord på skipet og i eit bygg på kaiområdet. Studentane får god praksis gjennom vedlikehald og renovering på skipet. Når Siste Indre er på besøk, er det eit yrande liv både på kaia og om bord av studentar i praksis. Alle elevane bur på skipet og er med på dei turane skipet har i løpet av skuleåret.

Kystkulturen

Skuleskipet GANN ynskjer å ver ein skule for heile landet. Tilbodet er populært og dei har mange søkjarar og «fullt hus». Utdanninga er mest populært blant gutane, men nå siste



Skipper Bernt Jarl Berge framfor GANN skipet

skuleåret er mellom 20-30 % av elevane jenter. Vestlandfylka og Nord-Norge er mest representert. -Her kjem mange ungdommar som har vakse opp på kysten og har eit forhold til kystkulturen, seier Bernt Jarl.

Viktig sårbeid

Han trivst veldig godt i arbeidet på skuleskipet GANN. -Det er meningsfylt og meir

enn ein jobb. Her får vi så ut Guds ord til alle elevane på morgonsamling kvar morgon og gjennom dagen har vi kontakt og fellesskap med elevane både i undervisning og praksis. Kvar onsdagskveld er det open Bibelgruppe for dei som ynskjer å vera med. Eg opplever at vi her på GANN får stå i eit viktig sårbeid, understrekar skipperen med stor entusiasme.

Ballast

Gjennom skuleskipet GANN sin 70 årige historie har ein brukt 6 ulike fartøy og 13 000 studentar har vore innom. USKF (Unge sjømenns kristelige foreining) er eigar av skuleskipet. For over 70 år sidan fekk dei visjonen om å gje unge sjømenn fagleg, åndeleg og moralsk ballast før dei seila ut i verda. Skipet satsar offensivt inn i framtida og i desse dagar blir byssa (kjøkkenet) totalrenovert.

Cruise og hotellskip

På sommaren blir skuleskipet omgjort til cruise og hotellskip. I år går turen til Østersjøen på gospelcruise (framleis ledige plasser). Det blir også tur til Orkenøyene, Skotland og Hebridene. GANN vil vera hotellskip under Skjærgårdssang i Langesund og under «politikarveka» i Arendal. Bernt Jarl Berge seier at turar og oppdrag på sommaren er viktig for økonomien til skipet.



Bernt Jarl Berge trivest godt på GANN.

BYGLAND BIBEL- OG NATURCAMP 2018 - BIBEL, BÅTTUR OG PLATESLEPP

Bibel- og naturcamp'en 2018 på KVS Bygland gjeng i år av stabelen frå søndag 1 juli til søndag 8.juli.

► Tekst og foto: Olav Nilsen

Audun Hjelseth hadde bibeltimane i fjor, og han tek med seg kona og kjem attende i år og.

Mangeårig forkynnar i Sørlandets Indremisjonskrets Åge Nygård talar på kveldsmøtene, og kona hans Anne Kristin Nygård vert med som songar.

Ho får selskap av Vera Henriksen som for tredje året på rad gler oss med si djupe varme songrøyst og gode vitnesbyrd.

Tordag 5. juli er det tid for det tradisjonsrike Misjonsløpet, til inntekt for KVS-Byglands omfattande bygningsmasse.

Same kvelden vert det Songkveld, der Anne Kristin Nygård og Vera Henriksen får selskap av tidlegare Spania-misjonær Wigdis Trøim som og spreier den glade bodskapen gjennom vakker song.

Me kan ikkje garantera det same gode veret kvart år, men Regine Austegard og Kristine Olsson kjem attende i år og, der dei varmar opp med barnemøter og aktiviteter for store og små både inne og ute.

Edvard Foss tek seg av ungdomane, og for dei som aldersmessig befinn seg mellom born og ungdom, er Marie Hornnes trufast på plass.

Velkomen til Bygland Bibel- og naturcamp 2018!



Hausten 2018

På leir med far, 5-7 år

7.-9. sept.

Jarle Mong er talar for dei vaksne.

Påmeldingsfrist 13. aug.

Tenleir

14.-16. sept.

Talar: Otto Dyrkolbotn

Ognatunbasaren

Torsdag 27. sept.

Talar: Per Åge Berge

Song: Hananja

Besteleir

5.-7. oktober

Torgeir Lauvås med fleire

Ognatunkafe

Tysdag 09. okt. kl 11.00-14.00

Tysdag 20. nov. kl 11.00-14.00

VELKOMMEN TIL UNG-LEDERDAG!



**ungLeder
NORGE**
imfung.no

Takk for at du har sagt deg villig til å være en ressurs og støtte for fremtidens nye og unge ledere i ImF. Vi ønsker å invitere deg til en opplæringsdag i ledertrainings-programmet UngLeder NORGE. På nettsiden [UNGLEDER.NO](http://ungleder.no) finnes et ferdig utarbeidet ledertrainingsverktøy som du kan bruke til å trene ungdommer i aldersgruppen 15-25 år til å vokse som ledere.

Denne dagen vil du få en innføring i hva ungLeder NORGE er, og får opplæring i hvordan du kan ta i bruk opplegget. Du får også selv en smakebit på hvordan det er å være deltaker i ungLeder Norge, og vi reflekterer sammen rundt hva det vil si å trene andre til å bli ledere.

Målet med dagen er at du skal føle deg trygg og utrustet til å ta i bruk ressursene, i tillegg til at vi ønsker at du skal ha gjort deg noen refleksjoner rundt hva god ledertrening er.

Velkommen til å bli ungLeder!

Sted og Tid: Nærbø bedehus 18. august 10.00-17.00

LEDERUTVIKLING OG DISIPPELSKAP GÅR HÅND I HÅND

UngLeder Norge er et tilbud for unge kristne ledere og fremtidige ledere, som ønsker å bli bedre utrustet til tjeneste for Gud.

Deltakerne samles i grupper på fem til ti deltakere sammen med en ledertrener/veileder, en gang i måneden over ett til to år. Gjennom undervisning, samtaler og refleksjoner på bakgrunn av ulike case-studier lærer man mer om hva det vil si å være en god kristen leder.

Alle ressursene er tilgjengelige på ungleder.no og kan brukes i lokalt arbeid i hele Norge. UngLeder Norge er delt opp i aldersgruppene 15-18 år og 18-25 år.

Ønsker du mer informasjon? Kontakt Tore Nesvåg Tlf: 915 49 912 eller mail: t.nesvag@imf.no

**ungleder.no
imfung.no**



«UngLeder Norge tar for seg viktige og relevante temaer som hjelper meg å bli bevisst som leder.»
— HANNA BERGHEIM



Grude Gartneri
Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon

Le Service A S
Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø
4362 Vigrestad
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax 51 43 66 53
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:
Myrvegen 2, 4344 Bryne
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes
Møllevægen 4, 4360 Varhaug
(Felleskjøpet Varhaug 2. etasje)
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no
www.jarok.no

GB GANDDAL BETONG
-kvalitet i fast form
Mob: 948 63 243

Brit Ege Salongen
Tlf: 51 48 03 72

VB Bryne Rør A/S
Varme & Rør
Telefon: 51 77 82 00
E-mail: post@bryneror.no

jæren
sparebank

KROGEDAL
begravelsesbyrå
Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger
51 97 29 00

VIGRESTAD BYGG

WWW.VIGRESTADBYGG.NO

Tlf: 958 19 505

Pål Hatteland AS
Entreprenør
Mob 99278710

GRUDE BYGG

Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50

BYGG - PÅBYGG - REPARASJONER

Astor Industri Eiendom AS



Haugstad Eiendom AS

Postboks 37
4369 Vigrestad

Vigdel Engineering AS
Telefon 46 41 18 19
Egil@vigdelengineering.no

din trafikkskole
Tlf.: 464 22 022

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER
Elektrofag Jæren

Industrielt 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren **EL-PROFFEN**

Vardheiveien Eiendom AS

RIANOR AS

GM-offshore

WALDELAND MASKIN



Tlf: 90 79 61 44

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning

ROTT

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99

Her kan du annonsere!



MASKINERING & SVEISESERVICE AS

Ombygginga er i rute

Ombygginga av deler av underetasjen i internatbygget på Ognatun til 8 nye overnattingsrom er i rute. Arbeidet blir i hovudsak gjort av dugnadsfolk på tirsdager og onsdags kvelder.

► Tekst og foto: Terje Slettebø

Dei 8 nye romma er nå delt av og veggene har fått gipsplater. Ventilasjonsanlegget er på plass og nødvendig rørleggjar og elektrisk arbeid så langt. Nå er det vegger og golv på dei 8 nye bada som står for tur.

Formann i Ognatunstyret, Odd Narve Grude, har god tru på at arbeidet vil vera ferdig til jul i år. Han er svært takksam for alle som stiller på dugnad og seier det er god stemning både under arbeidet og under matøkta som avsluttar dugnadskveldane.



Håkon Austbø og Tor Olav Østrem i full aktivitet.

Fleirkulturell leir

Også i år vil ImF-Rogaland arrangera fleirkulturell leir i samarbeid med KIA. Leiren skal vera på Ognatun 2.-5. aug., og er eit gratis ferietilbod til menneske som ikkje har moglegheit for å reisa på anna ferie. Ettersom leiren er eit gratis tilbod er arrangementet økonomisk utfordrande både for ImF-Rogaland og KIA. Leiren vil difor bli lagt ut på «Bidra.no» og vi håper mange vil vera med å støtta leiren økonomisk! Du kan og senda ei gåve på konto 8220 02 80101, merk innbetalinga med «Fleirkulturell leir».

TS



BRYNE REGNSKAP

Tlf 975 25 110

Post@bryne-regnskap.no

www.bryne-regnskap.no



Mulbadaw Farm på 56 000 dekar i Hanangdistriktet i Tanzania

Matsikrings- og vannforsyningsprosjekt drevet med økonomisk støtte og kunnskap fra misjonsvenner i Norge gjennom SHV.

(Stiftelsen Haydoms Venner)

Se mer på www.mulbadaw.com

BØNNE- OG TAKKEEMNE

Be for:

- Lyngdal bibelcamp
- Fleirkulturell leir
- Bygland Bibel og naturcamp
- Nytt kretsstyre
- Nytt Ognatunstyre

Takke for:

- Saman-helga
- Leirane på Ognatun
- Song- og musikk helg på Furutangen
- Dugnadsfolka på Ognatun
- Fritidsforkynnarane

FØLG MEG!

Årets nettverk

Forsamlingsbygging
Felleskapsplanting Barn- og unge
Forbønn- og veiledning
Trosforsvar Formidling
Lovsang, Godhet
Familie

Hovedtalere

Bibeltimer-

Ole Magnus Breivold

Kveldsmøte fredag-

Anne Lene Otterøen-

Kveldsmøte lørdag-

Øystein Gjerme



9.-11. nov 2018

Lederkonferanse

Straume Forum, Sotra

Info og påmelding: Leder-konferanse.no (fra 7. juni)



Historisk konfirmasjonssøndag

Stråland sol, festpynta og fullsett bedehus og 11 spente og historiske konfirmanter var ramme rundt konfirmasjonssøndagen 29. april på Nærbø bedehus.

- Tekst: Terje Slettebø
- Foto: Privat

Konfirmasjonen er eit samarbeid mellom ImF/NOR forsamlinga på Nærbø og ImF-Rogaland. Denne vinteren har 20 konfirmanter følgd denne konfirmanterundervisninga og ein del hadde valt andre forsamlingar for sjølve konfirmasjonen. Det er første året forsamlinga på Nærbø og ImF-Rogaland har hatt tilbod til konfirmanter, så alle konfirmanter som har delteke på opplegget er historiske i ImF-Rogaland.



Konfirmanter på Nærbø 29. april.

Konfirmanter i sentrum

Denne konfirmasjonssøndagen vart konfirmanter sett i sentrum gjennom alle innslaga. Det var høgtidsstemning i bedehuset når prosesjonen med Jakob Kjølvik i spissen for konfirmanter kom inn. Arne Kristian Helgøy ynskja velkomen og leia samlinga, han trekte fram at 2003 hadde vore eit spesielt år, men at desse konfirmanter var født dette året var det viktigaste.

Ein trekant

ImF-Rogaland sin konfirmanterarbeidar, Tore Nesvåg, heldt talen til konfirmanter. Han tok utgangspunkt i ein trekant der eit hjørna peika opp mot Gud, det andre hjørna peike ut til andre menneske, og det tredje hjørne peika inn i forsamlinga. Tore oppfordra konfirmanter til å alltid ha fokus opp til Gud og å gjera seg bruk av den frelse som Jesus

har å gje. Han understreka vidare at det er viktig å dele Jesus og frelsa med andre, og at det å høyre til i ein samanheng er viktig for oss alle. Konfirmanterleiar oppfordra konfirmanter, og alle andre, til å vera i denne trekanten og ha desse tre fokus. Då ville ein få eit godt, meningsfylt og spennande liv.

Herrens velsigning

Etter forbøn for kvar einskild konfirmand og fleire helsingar, vart samlinga avslutta med at forsamlinga song Herrens velsigning til konfirmanter. Det var mange blanke augo i forsamlinga, både hjå menn og kvinner, under denne avslutninga. Det står som eit sterkt symbol på ei forsamling som ynskjer sine konfirmanter det aller beste i lag med Herren vidare i livet.

